
Vår referanse 2021/7768-5
Dato 15.12.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Søknad om dispensasjon og deling - gnr 307 bnr 6 - Brakstad indre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjon om frådelling, datert 02.12.2021.

Søknad om frådelling skal handsamast etter jordlova før den vert handsama etter plan- og bygningslova.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNF-føremål i kommunedelplan for Meland.

Uttale

Det er søkt om frådelling av eit areal av gnr 307 bnr 6, som skal seljast til eigar av gnr 307 bnr 15.



Utsnitt frå situasjonskart, grønt skravert område er gnr 307 bnr 6.

Det er opplyst i brev frå kommunen at eigedom gnr 307 bnr 15 fekk avkøyrsløyve frå dåverande fylkesveg R-244 datert 31.07.1986, som går over eigedom gnr 307 bnr 6.

Vi er einige med Alver kommune om at søknad om frådelling av gnr 307 bnr 6 og overføring til eigedom gnr 307 bnr 15 ser ut til å vera eit ønske om å ordne opp i formelle eigartilhøve.

Det vert nemnd avslutningsvis i brevet frå kommunen at ein må rekne med at grensa mot fylkesveg 5308 Vestbygdvegen går lengre frå vegkanten enn grense i matrikkelen viser, så difor ber vi om at det vert teke kontakt med grunnverv hjå oss for klargjering av eigedomsgrensa her.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har elles ingen merknadar til frådellinga.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Odd-Sverre Johansen